



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	06.11.2018
Tid:	13:30 – 18:10

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Olaug Andreassen	MEDL	AP
------------------	------	----

Varamedlemer som møtte:

Jens Terje Johnsen	Olaug Andreassen	AP
Bjørn Otterlei	Ole Brubakk	H/KrF

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Hilde B. Skinnnes
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Bustadkonsulent Ida Myklebust
Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller
Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol
Avdelingsleiar barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen
Økonomileiar Geir Egil Olsen
Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy
Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen Hjølmeseth

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Solveig Helen N. Båtsvik og Per Kristian Furø

Camilla Storøy kom i møte kl. 14.10, etter handsaming av F-sak 194/18.
Ole Brubakk fekk permisjon kl 16.30 og gjekk frå møte etter handsaming av F-sak 196/18.
Bjørn Otterlei møtte som vara.

F-sak 198/18 vart handsama i starten av møtet.

Skriv delt ut i møte:

F-sak 198/18.U.off. §13 – Søknad om startlån

U.off. §26 Vedlegg i F-sak 194/18

Notat - 1.utkast over investeringsønsker og konsekvensar.

Solveig Helen N. Båtsvik

Arnulf Goksøy

Per Kristian Furø

underskrifter

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 187/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 188/18	Protokoll frå førre møte
PS 189/18	Delegerte saker
PS 190/18	Referatsaker
PS 191/18	Oppstart av reguleringsendring for del av Bergslibakken
PS 192/18	Uttale til E39, Voldatunnelen - Finansiering
PS 193/18	Havbruksfondet - uttale til forvaltning av midlar
PS 194/18	Søknad om skjenkeløyve ved Bogne AS
PS 195/18	Rettleiande satsar for utmåling av sosialhjelp 2018
PS 196/18	Vidareføring av nettbrett til politikarane
PS 197/18	Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022
PS 198/18	U.off. §13 - Søknad om startlån

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 25/18 Serveringsløyve - melding om endring.
- DS 26/18 Skjenkeløyve for Oktoberfestivalen - løyve til enkeltarrangement

Referatsaker

- RS 42/18 Er din kommune årets nynorskkommune 2018
- RS 43/18 Fartsavgrensingar til sjøs og ansvar for desse
- RS 44/18 Høring mulig reduksjon i busstilbod frå 1. mai 2019
- svar
- RS 45/18 Herøy kommune - vedtak i klagesak etter
alkohollova - prikktildeling
- RS 46/18 Høring av konsesjonssøknad - høgspenlinje
Djupvik-Sandvikskaret
- RS 47/18 Søknad om ruteløyve

PS 187/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 188/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 189/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 190/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 191/18 OPPSTART AV REGULERINGSENDRING FOR DEL AV BERGSLIBAKKEN

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 06.11.2018

Rådmannen rår til at det jf. plan- og bygningslova §12-3, §12-8 og §12-14, vert varsla oppstart om planarbeid «reguleringsendring for del av Bergslibakken».

PS 192/18 UTTALE TIL E39, VOLDATUNNELEN - FINANSIERING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 06.11.2018

Herøy formannskap støttar at E39 Voldatunnelen må prioriterast som utbyggingsprosjekt på E39 i vårt område, og det må prioriterast innsats for elt større statleg bidrag til E39 Voldatunnelen enn dei 600 mill. som er tilrådd i gjeldande NTP 2018-2029.

Herøy formannskap vil oppmode kommunane Volda og Ørsta til å skilje ut finansiering og gjennomføring av E39 Voldatunnelen frå ein felles samferdselspakke for Volda-Ørsta.

PS 193/18 HAVBRUKSFONDET - UTTALE TIL FORVALTNING AV MIDLAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 06.11.2018

Herøy formannskap rår Møre og Romsdal fylkeskommune til å nytte tildelte midlar frå Havbruksfondet 2018 til å fremje berekraftig utvikling, auka verdiskaping, kompetanse og forskning knytt til marin sektor i fylket.

PS 194/18 SØKNAD OM SKJENKELØYVE VED BOGNE AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 1 røyst. KrF, Ole Brubakk, røysta mot av alkoholpolitiske årsaker.

Vedtak i Formannskapet - 06.11.2018

1. Bogne AS, org.nr. 917921660, får skjenkeløyve som omsøkt slik:

- **varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 09.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 09.00 og kl 02.30 fredag og laurdag. Det er generell utvida skjenketid til kl. kl 02.30 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).

- **varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar.

Styrar for skjenkeløyvet er Hallbjørn Hjorthaug Tømmerbakk med Marianne Hjorthaug Tømmerbakk som stedfortredar.

Løyveperiode er frå vedtaksdato - 30.09.2020

Vilkår for løyvet er:

- Internkontrollrutinar for skjenking skal leverast kommunen innan 1 mnd etter vedtaksdato
- Styrar og stedfortredar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap når dette vert arrangert.

Vedtaket er gjort med heimel i alkoholova § 4 og alkoholpolitisk plan for perioden 2016-2020

Dette vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker. Klaga skal vere skrifteleg og grunngjeven. Klage sendast Herøy kommune, p.b. 274, 6099 Fosnavåg.

PS 195/18 RETTLEIANDE SATSAR FOR UTMÅLING AV SOSIALHJELP 2018

Møtebehandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol og avdelingsleiar barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.11.2018

Kommunestyret vedtek dei vedlagte retningslinjene for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

PS 196/18 VIDAREFØRING AV NETTBRETT TIL POLITIKARANE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding med slikt tillegg vart samrøystes vedteken: Investeringa vert å innarbeide i 2019-budsjettet.

Tilråding i Formannskapet - 06.11.2018

For dei som ønskjer å nytte eigen pc/nettbrett/iPad vert det gitt ein kompensasjon pålydande kr 1 500,- per kommunestyreperiode, jf. K-sak 24/13.

Det vert kjøpt inn nye iPader til faste medlemar og første varamedlemmar i formannskapet, kommunestyret, dei fire komiteane og plan og byggnemnda. I tillegg 10

iPader som skal lånast ut til andre møtande varamedlemmar. Totalkostnad kr. 180 000,-.

Investeringa vert å innarbeide i 2019-budsjettet.

PS 197/18 BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte.

Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy, kommunalsjef helse og omsorg

Renathe Rossi-Kaldhol, kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen Hjelmeseth,

eigedomsleiar Robert Myklebust og kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller.

Notat - 1.utkast over investeringsønsker og konsekvensar, vart delt ut.

Budsjettsituasjonen for 2019 (økonomiplanen 2020-2022) og strategi for balansering verd diskutert.

PS 198/18 SØKNAD OM STARTLÅN

MØTET SLUTT!